

Produktark: Vegetasjon

BESKRIVELSE



Vegetasjonskartet viser utbreiinga av vegetasjonstypar i eit område, og er den karttypen som gir mest allsidig informasjon om naturgrunnlaget i utmarka. Det er det næraste vi til no har kome eit økologisk kartverk. Kartet gir informasjon om artsfordeling, økologiske tilhøve og eigenskapar for ulike ressursbruk i utmark. Datasettet viser vegetasjonsdekket delt inn i karakteristisk samling av artar som vil finnast att på stader med like veksevilkår. Ein slik inndeling i vegetasjonstypar, er og den einaste systematiske reiskapen vi har for å vurdere kvalitet av utmarksbeite.

For vegetasjonskartlegging på oversiktsnivå er det definert 54 vegetasjonstypar, samla i 12 hovudgrupper. Desse blir supplert med ei rekkje tilleggsregistreringar som viser eigenskapar ved marka som arealtypane åleine ikkje avspeglar. Dette gjeld til dømes høg dekning av blokk og bart fjell, høg dekning av lav, vier eller bregner og særlig grasrike areal.

Rundt 25 000 km² av utmarka i Norge er per i dag vegetasjonskartlagt, og nye område blir kartlagt i felt kvar sommar.

FORMÅL/BRUKSOMRÅDE

Datasettet gjev detaljert oversikt over ressursgrunnlaget for verdiskaping innan næringar i utmark og fagleg grunnlag for avgjerder ved arealdisponering og interessekonfliktar.

Beiteforvaltning, miljøforvaltning, næringsutvikling arealplanlegging.

Datasettet kan fritt lastes ned fra Geonorge og NIBIO. Nedlasting krev ikkje lisens. Ingen bruksbegrensninger.

EIER/KONTAKTPERSON

Norsk institutt for bioøkonomi

Datateknisk: Ingvild Nystuen, gisdrift@nibio.no

Fagekspert: Michael Angelof, gisdrift@nibio.no

DATASETTOPPLØSNING

Målestokktall: Kartlaget er tilpasset bruk i målestokker fra 1:20 000 til 1:50 000.

Stedfestingsnøyaktighet (meter): 10-15

UTSTREKNINGSINFORMASJON

Utstrekningsbeskrivelse

Norge

KILDER OG METODE

Kartlegginga foregår som ein kombinasjon av synfaring i felt og tolking av flybilete ut frå nyansar i farge og struktur i biletet, og økologisk kunnskap. Kartleggaren ser på bileta gjennom eit stereoskop og får da landskapet fram tredimensjonalt. Ute i terrenget blir vegetasjonen klassifisert i typar og grenser teikna mellom desse.

NIBIO sitt system for vegetasjonskartlegging på oversiktsnivå (VK25) er utvikla og godt utprøvd gjennom kartleggingsprosjekt over heile landet sidan 1980. I løpet av denne tida har det skjedd endringar i kartleggings-systemet. Nye vegetasjonstypar har kome til etter kvart som ein har fått erfaring med kartlegging i heile landet (bjønnskjegmyr kom med i 1985, frostmark i 1991). Forståinga av typane kan òg ha endra seg etter kvart som ein har fått betre oversikt over variasjon landet rundt. Nye tilleggssymbol er oppretta for å tilfredsstille ulike brukarbehov ved kartlegginga. Detaljeringsgrad har også endra seg. Dei første tjue åra måtte kartlegginga tilpassast det topografiske grunnlaget i M 1:50 000 for trykking av kart. Etter at kartproduksjonen vart digital er ein ikkje bunden til målestokkar lenger.

Kartlegginga har etter kvart vorte tilpassa målestokkar mellom 1:20 000 – 50 000. Kvalitet av kartlegginga og typebruk kan derfor variere noko. Det er særleg før 1985 at data oftast er veldig grove. I perioden fram til 1998 vart kartlegginga gradvis meir detaljert. Etter 1998 har kartleggingssystem og detaljeringsgrad vore nokolunde stabil.

- Modell for avleiing av sauebeite
- Modell for avleiing av storfebeite

LENKER

[Link til metadata i Geonorge](#)

[Link til tegnregler](#)

[Link til produktside](#)

AJOURFØRING OG OPPDATERING

Etter behov

Status

Fullført

LEVERANSEBESKRIVELSE

Format (versjon)

ESRI Shape

GML

Projeksjoner

- EPSG:4258
- EPSG:25832
- EPSG:25833
- EPSG:6174

Tilgangsrestriksjoner

Åpne data

Lisens: [Norsk lisens for offentlege data \(NLOD\)](#)

Tjeneste

WMS - Get Capabilite: wms.nibio.no/cgi-bin/vegetasjon?request=getcapabilities&service=wms

OBJEKTTYPELISTE

- Vegetasjonsflater avgrensa av vegetasjonsgrenser.

EGENSKAPSLISTE

- Vegetasjonstypar
- Hovedtypar
- Naturtypar
- Sauebeite - Beitekvalitet
- Storfebeite - Beitekvalitet
- Beiteutforming
- Andre eigenskapar:
- Kartsignatur
- Underordna vegetasjonstype